

# Årsmeldingsmal 2020 *Handlingsplan 2018-2020*



For region: Sogn og Fjordane

## 1. Rapportering med utgangspunkt i handlingsplan

Vurder regionens virksomhet med utgangspunkt i Actas handlingsplan for 2018-2020. Gå gjennom handlingsplanen punkt for punkt rapporter på en objektiv og frimodig måte hva regionen har gjort i 2019. I kolonnen regionalt fører dere inn de punktene dere selv har lagt til deres regionale handlingsplan.

I kolonnen til høyre (rapportering) skriver dere hva dere har gjort eller ikke har gjort på dette punktet og hvordan det gikk.

	<b>Lokalt</b>	<b>Regionalt</b>	<b>Rapportering</b>
<b>LEV SAMMEN!</b>	Bygge vennskap og utruste barn og unge til disippelskap og en livslang tro på Jesus.	Utruste lokale ledere og etablere relasjoner og møtepunkter mellom dem.  Styrke samarbeidet mellom leir og lokallag.	<ul style="list-style-type: none"><li>Eit av dei store satsingsområda til Acta SOF når det gjeld utrusting av lokale leiarar har vore «sommarteam». Ein liten gjeng på 4-5 ungdommar som blir tilsett for å gjennomføre sommarleiarne. Dette teamet får vi vanlegvis moglegheita til å fylgje og utruste ein heil sommar, men som med så mange andre ting fekk vi ikkje gjennomflrt dette i 2020.</li><li>For å styrke samarbeidet mellom leir og lokallag har vi hatt fokus på å presantere leirarbeidet når vi har vore rundt på lokallagsbesøk. Våren 2020 fekk vi nesten besøk alle lokallaga før «nedstenginga». Dessverre var det ikkje gjennomført leirar i ettertid dette året, men vi kjem til å satse vidare på å la born og leiarar bli kjent med oss lokalt slik at det forhåpentleg kan inspirere til å delta på regionale leirar. Vi vonar og at vi i næraste framtid kan setje opp «tema-leirar» eller temadagar der vi kan invitere lokallaga direkte til arrangement som er innafor deira interessefelt. F.eks. SC-leir, Hobbyleir, friluftslleir eller liknande.</li><li>På årsmøtet 2019 vart «Saman» lansert. Utgangspunktet for dette programmet er at vi treng kvarandre. Når mengda tilsette vert færre og flokkane lokalt vert mindre, må vi ikkje miste kvarandre. Då må vi trekke saman og byggje ny lagkjensle. «Saman» er såleis eit felleskapsbyggjande verktøy for oppfølging, inspirasjon og retning. Dessverre har det vist seg vanskeleg å få engasjert lokallagsleiarane i dette prosjektet, sjølv om ein har prøvd med både fysiske og digitalesamlingar. Vi må vurdere om dette er noko vi skal satse på å vidareutvikle, eller om vi må finne på ein annan måte å skape møtepunkt for lokallags- og forenings leiarar/styrer.</li></ul>

<p style="text-align: center;"><b>GÅ SAMMEN!</b></p>	<p>Stadig jobbe med å rekruttere nye ledere.</p> <p>Medvandring skal prege fellesskapet og alle</p>	<p>Styrke rekruttering og oppfølging av medvandrere.</p> <p>Videreutvikle regional ledertrening i samarbeid med lokale fellesskap og i tråd med den helhetlige planen for lederutvikling.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pga både bemanningssituasjon og Covid vart det ikkje arrangert leiartreningskurs i SOF i 2020. Vi føler likevell fortsatt at vi har opparbeidd gode rutiner for lederutvikling både gjennom leirarbeidet og gjennom oppfølging av unge ledere generelt.</li> <li>• Vi har elles ikkje arbeidd med medvandring i 2020. Arbeidet med medvandring har «stått på stedet kvil» i ei lang periode. Hovedsakeleg forbi det oppleves vanskeleg/ tungt å jobbe med, men og av mangel på ressursar til oppfølging.</li> </ul>
<p style="text-align: center;"><b>VOKS SAMMEN!</b></p>	<p>Møte og involvere medlemmenes foresatte, og hjelpe dem til å la troen få plass i hjemmet.</p> <p>Invitere foresatte til å være med på minst én samling hvert semester.</p>	<p>Bruke leirer og andre arrangementer til å styrke arbeidet med tro på hjemmebane.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «avslutningsmøte». Vi prøvar å få til å avslutte alle barne- og tveensleirar med eit familiemøte som er ope for familiane til deltakerane. Dette er ei verdifull samling fordi det gjev oss muligheten til å gje familiane eit innblikk i kva vi har lært/ snakka om på leir. På denne måten skapar vi ein felles plattform for famililane til å kunne snakke om dette på heimebane. Dessverre vart det bare ein barneleir i 2020, men det er positive tilbakemeldingar på denne typen samlingar.</li> <li>• «storsamling» Eit felles arrangement mellom region og leirstad der vi har eit felles måltid, felles møteoppstart/ og avslutning, samt aldersinndelt undervisning. Målet er å ha ein møteplass for heile «normisjonsfamilien» der ein kan få undervisning samt felles opplevinga rein kan ta med tilbake i heimen. Arrangementet legg i høgste grad til rette for at familiar, unge og gamle kan samle seg om tru og bibelfellesskap, og er noko vi vil satse på vidare.</li> <li>• Vi hadde og ein plan om at vi sommaren 2020 skulle starte med å sende med ungane heim ein «leirpakke» på slutten av var leir der dei fekk med seg mellom anna songtekstar og bibelreferansar/ oppgåver innanfor temaet vi hadde snakka om på leirane. Etersom det ikkje vart leir fekk vi heller ikkje starta med dette prosjektet. Nye moglegheiter i 2021 kanskje 😊</li> </ul>

## BYGG SAMMEN!

Fremme samarbeid og skape flere møtepunkter mellom Actalag og Normisjon-foreninger.

Actas verdier, navn og logo skal være synlig i fellesskapet.

Jobbe for at Acta og Normisjon har felles mål og går i samme retning.

Legge til rette for at ansatte besøker andre regioner og skoler.

Styrke samarbeidet med Den norske kirke

- Staben i regionen har som mål å jobbe for at Acta og Normisjon i regionen framstår som samla og som ei «enhet». I regionen jobbar vi saman i høve både leir og lags/foreningsarbeid, der vi frå acta kan besøke foreningar, og tilsette i Normisjon besøker barnelag og er med på leir. Jamnleg har Acta og Normisjon felles stabsmøter, der begge oppdaterer kvarandre på status i organisasjonen, og diskuterer felles arrangement og framtid. Ofte samarbeider staben med arrangement på tvers av dei to organisasjonane. Dette gjev rom for at det vert meir naturleg for ungdomane og gradvis «flyte» over i Normisjon sine arrangement, i tillegg til at det for staben sin del gjev grunnlag for å arrangere større arrangement på grunn av auka bemanning og utvida kompetanse
- Besøk til andre regionar og skular har ikkje vore oppe til vurdering i 2020. Hovedsakeleg pga Covid og at vi rett og slett ikkje har hatt stab. Regionen har i 2020 i stor grad vore «nede for telling» med permisjonar, permitteringar og sjukmeldingar.
- Ang samarbeidet med dnk så har vi i lang tid hatt konkrete avtalar med fleire kyrkjer om samarbeid om leir. Dei fleste av desse avtalane er no utgått på dato, og det er stort behov for nye samarbeidsmøter og ny fastsetting av avtalar. Det var og planlagt konf-camp i 2020 i samarbeid med kyrkja, denne gjekk følgelig også ut, og vi vonar å få til ny konf-camp i 2022.

<h1 style="color: red; margin: 0;">GI VIDERE!</h1>	<p>Hjelp hverandre til å sette ord på egen tro, og prege lokalsamfunnet med godhet.</p> <p>Snakke om og samle inn penger til et av Actas misjonsprosjekter.</p>	<p>Arbeide målrettet med å etablere flere fellesskap for ungdom og unge voksne.</p> <p>Utruste eksisterende fellesskap til misjon lokalt, nasjonalt og globalt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellesskapsutvikling: Regionen har to fellesskapsutviklarar som jobbar jamnleg med strategi, planar og utvikling av fellesskap i regionen. Stian jobbar hovudsakleg i Sunnfjord/ Førde. Og Vegard i Nordfjord. Dette er eit spennande arbeid som vi ser fruktene av særskilt på Sandane.</li> <li>• Nordfjord soul teens: Hausten 2019 starta vi opp Nordfjord soul teens. Dette er eit konsept for dei som er mellom 15 og 22 år. Målet er å møtast om lag fire helger i året på Fjordly Ungdomssenter for å øve, rigge, lage mat og henge. Nokon helger har vi konsert, andre helger er det enkle songoppdrag. Songane vi skal øve inn handlar om Jesus og livet. Sjangeren vil vere gospel, soul, pop. Vi skal ha fire ulike grupper, du kan vere med i ei av dei. Desse er: kor, band, teknisk/praktisk og matgruppe.</li> <li>• Saman: På årsmøtet vart «Saman» lansert. Utgangspunktet for dette programmet er at vi treng kvarandre. Når mengda tilsette vert færre og flokkane lokalt vert mindre, må vi ikkje miste kvarandre. Då må vi trekke saman og byggje ny lagkjensle. «Saman» er såleis eit fellesskapsbyggjande verktøy for oppfølging, inspirasjon og retning. Lokallagsbesøk: Gjennom året besøker vi i acta-staben lokallaga våre. Mange av laga våre har allereie ein sterk fokus på misjon både i lokalsamfunnet, men også internasjonalt. Blant anna samlar lokallaga familiar og lokalbefolkninga til basarar og misjonskafé. Desse arrangementa er godt besøkte. Her kjem både dei som har hatt trua med seg sidan barndomen, og dei som «kjem for å sjå ungen sin syngje i koret». Dermed er dette gode arena for misjon. I løpet av året brukar lokallaga våre å samle inn pengar til kompis- eller amigoprojektet, og ungane får kjennskap og kunnskap til kva det er dei får lov til å samle inn pengar til.</li> <li>• Kompis og amigos: Vi promiterer Kompis og Amigos-projekta på kvar av leirane våre, og avsluttar alle leirar med kollekter, der ungane får vere med å gje til projektet dei har fått lære om.</li> </ul>
--	---	---	--

## 2. Årets nyvinning/suksess

Hva er årets nyvinning i regionen? Eller hva er årets suksess? Hvorfor og hvordan ble den det? Forklar...

*Rapportering: Året 2020 har som for dei fleste andre vore spesielt, og pga mangel på moglegheit til å arrangere ting, og mangel på stab så kan vi ikkje skilte med store nyvinningar i 2020. Vi gler oss over at det nye fellesskapet vårt i Førde, «Norfellesskapet» byrjar å finne form og farge og heiar på dei som årets «nyvinning» for Normisjon og Acta SOF.*

## 3. Vår største utfordring

Hva er den største utfordringen i regionen, sett fra et Acta-ståsted?

*Rapportering: I løpet av dei siste åra har mange av barnelaga våre lagt ned i mangle på leiarar, og pga vanskar med å konkurrere med andre tilbod for born og unge. Det er vanskeleg å rekruttere både nye leiarar og deltakerar til laga våre, og vi treng no å jobbe strategisk for at desse tilboda skal vere tilgjengelege i framtida.*

#### **4. Samarbeid med Den norske Kirke**

Om dere samarbeider med den DnK. Hvordan og på hvilke måter?

*Rapportering: Sjå pkt under «bygg saman»*

Hvor mange av deres lokallag er knyttet til menigheter i den Norske kirke (Antall og %)

*Rapportering(anslag):           0*

#### **5. Medvandring**

Acta sitt mål har vært og er at alle ledere har en medvandrer. Hva er den største utfordringen for din region i dette arbeidet?

*Rapportering: Hovedutfordringa er rekruttering av vaksne medvandrarar, og å få relasjonen mellom ungdom og medvandrar til å fungere optimalt i eit område med store avstandar. Det er og vanskeleg å finne gode rutinar for oppfølging av desse medvandrerrelasjonane frå regionen si side, kva er behovet og kvar er balansen mellom oppfølging og «masing».*

Hva har dere lykket med?

*Rapportering: Per i dag har dei ungdomane som tydeleg har ytra at dei ynskjer ein medvandrar fått det. Inntrykket er at dei få medvandrar relasjonane som er etablert fungerer greitt.*

#### **6. Antall stillinger**

Antall stillinger i Acta 2020 (oppgi navn, prosent og type stilling):

Navn	Stillingsbetegnelse:	Stillingsprosent:	Fra – til.
Stine Hopland	Actaleiar	100	2012-
Knut Leirgul	Actabedarbeidar	80	01.01.20-01.08.20
Maria Dalsbø Tøsse	Ungdomskonsulent	20	01.01.20-01.03.21

Kommentar:

## 7. Acta-styrets sammensetning i arbeid i 2020

Verv:	Navn:
Leder:	Rune Tøsse
	Maria Fonn
	Berit Leirgul
	Ingrid Lade
	Håkon Stave
Vara:	

**Tallmaterialet som skal innrapporteres vil skje elektronisk, dere vil snart motta en link for dette.**

Det skal rapporteres på bl.a. dette.

- Nye lokallag / utmeldte lokallag
- Gjennomførte leirer /avlyste leirer (Alder: barn/tweens/ungdom)
- Total antall leirdeltakere / totalt antall leirledere (Alder: barn/tweens/ungdom)
- Total antall medlemmer i leirklubber
- Lederkurs gjennomført / lederkurs avlyst
- Totalt antall deltakere på lederkurs
- Budsjettramme inntekter/utgifter ( hva er med leir j/N, lønninger j/n)

# Årsmelding 2021 (mal)


Vurder regionens virksomhet med utgangspunkt i Actas handlingsplan for 2021-2023.

## Rapport fra våre 3 satsninger

### 1: Starte nye fellesskap

Fordi det er gjennom fellesskap mennesker kommer til tro og får vokse i troen.


#### Beskriv hvordan dere har jobbet for å etablere nye lokallag og hvilke lokallag som er startet

I perioden er det startet 3 nye lokallag i regionen. Selje Soul Children og Soul kids, samt ein ungdomsklubb i Måløy. Regionen har i hovedsak arbeidd med etablering av nye fellesskap gjennom kontakt og støtte til aktuelle ledere som har kommet med initiativ. I en periode med få tilsette og mange koronatiltak har det vore lite fokus frå regionen si side på å jobbe med etablering av nye fellesskap då ein har hatt mykje arbeid med å få dei «gamle» fellesskapa til å kome i gang igjen etter korona-perioden. Det viser seg generelt at det er stor mangel på ledere i fleire av lokallaga, og ein jobbar no med å finne ein ny strategi for rekruttering av leiarar både til nye og «gamle» lokallag. 

### 2: Gjøre disipler

Fordi det er oppdraget Jesus gav oss. For å bli kjent med ham og ligne ham.


#### Beskriv hvordan dere har jobbet for å skape arenaer for å dele liv, tro, store spørsmål og kristen praksis. Har dere gjort noen nye tiltak siste året for å styrke, eller lage nye arenaer?

Regionalt jobbar vi hovedsakeleg med leir som arena for disippelgjøring. Nytt av året er at ein har starta opp med leir for aldersgruppa 16+. Eit tilbod som har vore sakna hos mange unge-vaksne. Nokre av lokallaga våre har også vore flinke til å ha digitale samlingar i løpet av nedstengongsperioden, og ein ser mellom anna at nokre har lykkast med digitalt alfakurs for ungdom. Dette er muligens noko ein kan vidareføre også på regionaltpen. 

### 3: Trene ledere

Fordi fremtiden trenger mennesker som kan lede mennesker og fellesskap i kirke og samfunn.

#### Beskriv hvordan dere følger opp frivillige ledere i lokallag og på leir eller lederkurs. Hva gjør dere for å rekruttere og utvikle ledertalenter?

Oppfølging av ledere i lokallag gjøres hovedsakelig via telefon og besøk til lokallag og styrer. På leir er vi opptatt av å ha nok ressurspersonar inne til å kunne gje den enkelte tett oppfølging både gjennom samtaler og pratisk vegleiing. Vi opplever at en til en relasjon er den viktigste brikka til både rekruttering og utvikling. 

Ledertreningskurset har ikkje vore gjennomført i koronaperioden, dette har vore sakna, og ein merkar også at ein no har mangel på leiarar til både leir og lokallag. Dette blir eit fokusområde framover.

Bruken av «sommarteam» på leirane i regionen har vore, og er, den beste moglegheita regionen har for tett oppfølging og utvikling av leiartalent. Her blir 5 ungdommar tilsett for å planlegge, gjennomføre og evaluere alle leirane i sommarsesongen. Dette gjev oss moglegheit til tett oppfølging over ei lengre periode, og ein ser at ungdommane blomstrar i møte med å bli gitt ansvar under oppfølging.

## Rapport fra kulturen


**Hvordan opplever dere at kulturen i deres region er innenfor hvert av disse feltene?**

### 1: Guds nærhet (Opp)

I våre fellesskap søker vi Gud sammen.

Dette handler om vår relasjon til Gud. Den leves i bønn, tilbedelse, forkynnelse, undervisning og bibellesning. Det handler om å legge til rette for at vi og andre kan møte Gud, og for at Guds ånd kan få prege oss.

#### Hvordan oppleves kulturen for dette i din region?

Vi opplever stadig at denne kulturen er i utvikling. Særskilt på ungdomsleiarne våre ser vi at ungdom i stor grad søker Gud saman gjennom lovsong og forbønn for kvarandre. Vi ser også at det har fungert godt å ha «studiegrupper» på ungdomsleir der ein saman utforska rein bibeltekst, reflekterar og legg den fram for dei andre gruppene. 

### 2: Guds familie (Inn)

I våre fellesskap er det godt å høre til.



Dette handler om vår relasjon til hverandre i fellesskapet. Det skal være godt å høre til i Actas fellesskap. Vi ønsker å kunne dele livserfaringer, kjenne oss sett og verdsatt og ha det gøy. Vi er skapt til fellesskap, og vi formes til å bli disipler i fellesskapet. Dette kan for eksempel komme til uttrykk gjennom tid til samtaler, småfellesskap, praktisk hjelp og morsomme turer.

#### Hvordan oppleves kulturen for dette i den region?

Vi opplever stadig etterspørsel etter fleire fellesskap, særskilt for ungdom. Ungdommane søker saman i småfellesskap også utanom dei regionale arrangementa. Seinast i romjula, i ei periode der alt var nedstengt i området, valgte ei gruppe av ungdommane «våre», i regi av actastyret, å samlast til bålkos ute i snøen på eine leirstaden vår for å kunne møtes og vere saman. Dette vitnar om at ein trives i fellesskapet!

### 3: Guds godhet (Ut)

I våre fellesskap lever vi for noe større enn oss selv.


Dette handler om våre relasjoner til andre mennesker. Vi vil gi Guds godhet og kjærlighet videre både til de som er nær oss og de som er langt borte. Det handler om å invitere mennesker inn i fellesskapet, om å fortelle om Jesus til dem som ikke kjenner ham, om å la Gudskjærlighet komme til uttrykk gjennom uventet godhet, om ikke å bli innadvendt.

#### Hvordan oppleves kulturen for dette i din region?

Guds godhet ut har vore eit tema på mange av våre samlingar den siste tida. Vi opplev at vi er gode på å invitere inn i f.eks. leirfellesskapet, men at vi ikkje når så langt ut som vi ynskjer. Her har vi ein veg å gå!

### Trekanten


Vi ønsker at kulturen skal være godt balansert mellom de 3 områdene, men oftest må vi jobbe for å forbedre balansen.




*Prikken illustrerer en ideell balanse*

## Oppgave

Flytt prikken inn i trekanten og plasser den der du mener den best illustrerer kulturen i din region.



### Hvorfor plasserte du prikken her?

Fordi vi i stor grad opplever at «opp og inn» er meir framtrédande i våre fellesskap enn utfokuset. 

# Årsmelding 2022 Region Sogn og Fj.

Vurder regionens virksomhet med utgangspunkt i Actas handlingsplan for 2021-2023.

## Rapport fra våre 3 satsninger

### 1: Starte nye fellesskap

Fordi det er gjennom fellesskap mennesker kommer til tro og får vokse i troen.

#### Beskriv hvordan dere har jobbet for å etablere nye lokallag og hvilke lokallag som er startet

Vi har det siste året hatt lite fokus på direkte arbeid med å få oppretta nye lokallag. Vårt fokus ble i 2022 å følge opp dei allereie eksisterande lokallaga, og vere tilgjengeleg for dei i oppstarten etter ei lang koronaperiode. Det vart likevelli i løpet av året starta fleire nye lokallag i SOF, her i hovudsak Soul Childrenkor. Regionen har i hovudsak arbeidd med etablering av nye fellesskap gjennom kontakt og støtte til aktuelle ledere som har kommet med initiativ.

### 2: Gjøre disipler

Fordi det er oppdraget Jesus gav oss. For å bli kjent med ham og ligne ham.

#### Beskriv hvordan dere har jobbet for å skape arenaer for å dele liv, tro, store spørsmål og kristen praksis. Har dere gjort noen nye tiltak siste året for å styrke, eller lage nye arenaer?

Vi satser på å gjere våre arrangement til gode og trygge arenaer for å dele liv og tro. Her har vi blant annet jobbet mye med å få på plass gode trygge vaksne som er gode undervisere, samtalepartnere og medvandrere for barn og unge. Vi har og gjort nokre forsøk på å opprette digitale bibel- og samtalegrupper for ungdommane våre som har flytta vekk frå regionen. (Dette har vore etterspurt.) Desse gruppene har synt seg å fungere best når ungdommane styrer dei sjølve 😊



### 3: Trene ledere

Fordi fremtiden trenger mennesker som kan lede mennesker og fellesskap i kirke og samfunn.

#### Beskriv hvordan dere følger opp frivillige ledere i lokallag og på leir eller lederkurs. Hva gjør dere for å rekruttere og utvikle ledertalenter?

Det siste året har det vore svært utfordrande for oss å få rekruttert nye leiurar. Vi ser at vi er inne i eit generasjonsskifte, og at vi manglar kontakt med ein del årskull etter pandemien. Elles



har vi gode rutiner på å følgje opp ledera i lokallag gjennom besøk og telefonsamtalar. Det vart dessverre ikkje arrangert ledertreningskurs i sof i 2022. Nokre fekk tilbod om nasjonalt kurs, men ingen reiste. Ledertreningskurset har vore etterspurt, og vi vonar å kome i gang med det att i 2024.

Bruken av «sommarteam» på leirane i regionen har vore, og er, den beste moglegheita regionen har for tett oppfølging og utvikling av leiartalent. Her blir 5 ungdommar tilsett for å planlegge, gjennomføre og evaluere alle leirane i sommarsesongen. Dette gjev oss moglegheit til tett oppfølging over ei lengre periode, og ein ser at ungdommane blomstrar i møte med å bli gitt ansvar under oppfølging.

## Rapport fra kulturen

**Hvordan opplever dere at kulturen i deres region er innenfor hvert av disse feltene?**

### 1: Guds nærhet (Opp)

I våre fellesskap søker vi Gud sammen.

Dette handler om vår relasjon til Gud. Den leves i bønn, tilbedelse, forkynnelse, undervisning og bibellesning. Det handler om å legge til rette for at vi og andre kan møte Gud, og for at Guds ånd kan få prege oss.

#### Hvordan oppleves kulturen for dette i din region?


Vi opplever stadig at denne kulturen er i utvikling. Særskilt på ungdomsleiarne våre ser vi at ungdom i stor grad søker Gud saman gjennom lovsong og forbønn for kvarandre. Vi ser også at det har fungert godt å ha «studiegrupper» på ungdomsleir der ein saman utforska rein bibeltekst, reflekterer og legg den fram for dei andre gruppene.

### 2: Guds familie (Inn)

I våre fellesskap er det godt å høre til.

Dette handler om vår relasjon til hverandre i fellesskapet. Det skal være godt å høre til i Actas fellesskap. Vi ønsker å kunne dele livserfaringer, kjenne oss sett og verdsatt og ha det gøy. Vi er skapt til fellesskap, og vi formes til å bli disipler i fellesskapet. Dette kan for eksempel komme til uttrykk gjennom tid til samtaler, småfellesskap, praktisk hjelp og morsomme turer.

#### Hvordan oppleves kulturen for dette i den region?

Vi opplever stadig etterspørsel etter fleire fellesskap og møteplassar, særskilt for dei eldre ungdommane. Vi klarer ikkje følgje opp alt, men ser at ungdommane sjølve stadig oftare søker 

saman i smågrupper og spontane fellesskap. Særskilt i etterkant av ungdomsleirar. Dette vitnar om tillit og trivsel i fellesskapa.

### 3: Guds godhet (Ut)

I våre fellesskap lever vi for noe større enn oss selv.


Dette handler om våre relasjonar til andre menneske. Vi vil gi Guds godhet og kjærlyghet vidare både til de som er nær oss og de som er langt borte. Det handler om å invitere menneske inn i fellesskapet, om å fortelle om Jesus til dem som ikke kjenner ham, om å la Gudskjærlyghet komme til uttrykk gjennom uventet godhet, om ikke å bli innadvendt.

#### Hvordan oppleves kulturen for dette i din region?

Her opplever vi at vi er gode på å invitere inn i fellesskap, men at vi stadig har ein veg å gå i nå ut. Vi har hatt noko fokus på dette siste året, og mellom anna hatt godleiksdag for bygda på ein av leirane våre. Dette fekk veldig positiv respons både frå deltakarar og bygda. Vi ser også at fleire av lokallaga våre er gode på «Ut-fokus», dette er kjekt å sjå. Vi er på veg, - men har ein bit att 😊

## Trekanten


Vi ønsker at kulturen skal være godt balansert mellom de 3 områdene, men oftest må vi jobbe for å forbedre balansen.



*Prikken illustrerer en ideell balanse*

### Oppgave

Flytt prikken inn i trekanten og plasser den der du mener den best illustrerer kulturen i din region.



#### Hvorfor plasserte du prikken her?

Vi opplever, som i fjor, at opp og inn er meir framtredeane i våre fellesskap enn ut. Men kanskje er vi komne hakket lenger mot høgre i utfokuset vårt..

#### Etter pandemien:

Hva har pandemien gjort med Acta-arbeidet i din region – og hvordan tror dere dette vil påvirke arbeidet de kommende årene

I all hovudsak merkar vi pandemien mest innan lederrekruttering. Vi ser tydeleg at vi har «mista» eit heilt tenleirkull, og har derfor per i dag ofte problem med å få nok leiarar til leirane våre. Den store stabile leiargruppa vi hadde før pandemien er i all hovudssak flytta vekk for å studere og er lite tilgjengeleg utanom feriane. Dette påverkar arbeidet vårt mykje for eksempel i høve kor mykje tid det tek å få på plass nok leiarar til leirane våre. Ved eit høve i 2022 vart det kontakta nærare 90 personar for å få nok leiarar til ein leir. Dette er tidkrevande og utfordrande. Det blir ein stor jobb for regionen å rekruttere nye ledera i åra framover. Vi ser at deltakerane kjem tilbake til leiarane, og det er positivt, men vi treng og nok frivillige om vi skal få opprettholdt kvaliteten og hyppigheten på våre leirar.

---

Lenke til rapportering av tall finner du [HER!](#)